

# MOBILREGLEMENT FOR ROR-IKT sine MEDLEMSKOMMUNAR

## 1. FORMÅL

Dette reglementet gjeld for tilsette i Vestnes kommune og regulerer ordningar for tildeling av mobiltelefonar – og abonnement.

Reglementet skal:

- Sikre ei rettferdig og lik behandling for alle tilsette i kommunen som treng kommunal mobiltelefon. Klargjere personleg ansvar ved bruk av kommunale mobiltelefonar og abonnement.
- Verne om kommunal informasjon og kommunikasjon.
- Sikre ein telefonbruk som er i tråd med kommunen sitt overordna mål om kostnadsfokus.
- Legge til rette for at tilsette får bruke telefonen slik dei ynskjer, samtidig som ein ser til at kostnadane Vestnes kommune dekkjer, er i tråd med normal tenestebruk.

## 2. GRUNNLAG FOR TILDELING

Det er administrasjonssjef, kommunalsjef, einingsleiar eller avdelingsleiar som avgjer kven som får tildelt kommunal mobiltelefon eller abonnement.

Arbeidsgjevar vurderer om den enkelte, ut frå roller eller arbeidssituasjon, har behov for kommunal mobiltelefon for å løyse sine arbeidsoppgåver, i eller utanfor ordinær arbeidstid.

### 2.2 Tildelingsgrunnlag:

- Tilsette som ein forventar å kunne være tilgjengeleg utanfor ordinær arbeidstid
- Tilsette som reiser mykje, eller har behov for stor mobilitet i sitt arbeid

### 2.3 Ny vurdering ved endring i stilling

Når en arbeidstakar går over i anna stilling, eller oppgåver og innhald i stillinga og blir endra, skal ordninga med kommunal mobiltelefon/abonnement vurderast på nytt.

## 3. BESTILLING OG KJØP

Mobiltelefonar og tilhøyrande utstyr skal bestillast i kommunen si e-handelsløysing.

- Alle mobilabonnement skal eigast av kommunen.
- Dei som vil det, kan overføre sitt eksisterande private mobilnummer til arbeidsgjevaren. Ved avslutta arbeidsforhold kan den tilsette ta med seg mobilnummeret og overføre det til privat eige igjen. Kommunen dekkjer ikkje kostnadar knytt til overføring av abonnement med binding.
- Kommune/arbeidsgjevar vel abonnementstype, telefontype og storleik på datapakke.
- Kostnadar som går utover det som kommunen dekkjer, må betalast av den enkelte. Dette skjer via funksjonen Fakturakontroll. Der får den tilsette ei spesifisert oversikt over det som vert trekt på neste lønnsutbetaling. Arbeidsgjevar får oversikt over forbruket, men kan ikkje sjå kva nummer og tenester tilsette har brukt.
- Alle telefonnummer knytt til kommunale mobilabonnement skal førast opp i kommunen sine oversikter og telefonlister, dersom ikkje annet er avtalt.

## 4. OM MOBILTELEFONAR

Dei kommunale mobiltelefonane er arbeidsgjevar sin eigedom, og skal behandlast forsiktig. Ved skade eller feil på ein mobiltelefon, skal dette rapporterast til leiar. Skuldast skaden særleg grov aktløyse, må den tilsette dekke skaden sjølv. Alle telefonar skal ha panserglass og etui for å hindre skade.

## 5. KOSTNADAR

Vestnes kommune dekker mobilkjøp per 36 månader.

Den som har kommunal mobiltelefon må betale for:

- Kjøp, bruk av opplysningstenester, innhaldstenester, 815- og 820- nummer, 5-sifra nummer. Dette gjeld også bruk av mobiltelefon til å stemme på konkurransar i media, eller bruke betalingstenester via mobil.
- Datatrafikk i utlandet utover inkludert datapakke.
- Kostnader til databruk, utover datapakke dekt av fastprisen i abonnementet.

## 6. SKATTEREGLAR

### 6.1 Tenestetelefon (vert lagt igjen på jobb)

Dette er ei skattefri ordning, tilsette blir ikkje skattlagt for dette.

### 6.2 «Personleg» telefon (telefon som vert brukt både på jobb og privat)

Når telefonen også skal nyttast privat (vert teken med heim etter jobb), vert det rekna som naturalyting. Då skal arbeidstakar skatte av dette etter gjeldande skattereglement.

## 7. SIKKERHEIT

- Mobiltelefonane skal til ei kvar tid vere sikra med PIN kode og passord, ansiktsgjenkjenning, eller fingeravtrykk (biometri) som skal slåast på automatisk.
- Mobile Device Management (MDM):

Alle mobiltelefonar med kommunalt abonnement skal utstyrtast med MDM før den vert teken i bruk.

Dersom du mistar telefonen eller den vert stolen, skal dette meldast snarast til ROR-IKT, som då ser til at kommunale data vert fjernsletta, og abonnementet vert sperra.

## 8. FRÅVÆR ELLER ENDRING I TILSETTINGSFORHOLDET

Når ein arbeidstakar er i permisjon eller er sjukemeld meir enn 12 månader, vert den kommunale telefonordninga stoppa. Leiar kan gi dispensasjon frå dette.

## 9. AVSLUTTA ARBEIDSFORHOLD

Når Arbeidstakar avsluttar arbeidsforholdet, og ønsker å behalde mobiltelefonen, gjeld desse utkjøpsreglane:

- For utstyr som er mindre enn 1 år gammalt vert 50 prosent av den prisen telefonen opprinneleg var kjøpt for, trekt frå siste lønnsutbetaling.

## 10. AVTALE

Kvar enkelt arbeidstakar med tenestetelefon skal underteikne ein individuell avtale. Dette gjeld ikkje mobiltelefonar med fleire brukarar, til dømes på avdelingar.